

KAFFIKROKEN

Eit rom ein fritt kan bruke til private selskap og samankomster. Her finst eit kjøkken der ein kan t.d. koke kaffi, steike vaflar eller lage mat. Ønskjer du å gje eit bidrag til trivsel på Stugu kan du vippse valfritt beløp til Vippsnr: 854917

VERDISAKER

Vi tilrår ikkje at bebuarar oppbevarer store mengder verdisaker på romma. Ha derimot litt lomme pengar til ulike aktivitetar. Desse kan låsast inn i safe på avdelinga. Vi gjer merksam på at avd. Stugu ikkje har erstatningsansvar for bebuarane sine private eigedelar.

BESØK

Her hos oss er alle velkomne på besøk, dette gjeld også firbeinte. Men det må bli teke omsyn til andre bebuarar, som av ulike årsaker ikkje kan vere i kontakt med dyr.

Ved enkelte høve er det fint om besøkande nyttar bebuar sitt rom, av omsyn til andre.

TV

Det er mogleg å ha eigen TV på rommet. Hugs å seie opp eigen lisens, då vi har felles lisens for alle på avdelinga. Nr: 206 346 885

POST

Bebuarar som vil ha privat post tilsendt må oppgi følgjende adresse:

Helsetunvegen 17, 3570 Ål



KONTAKTINFO

Besøksadresse:

Helsetunvegen 17
3570 Ål

Tlf. avd. Stugu: 32 08 52 20

Tlf. avd. leiar: 32 08 52 22

postmottak@aal.kommune.no

Meir info: www.aal.kommune.no



VELKOMEN TIL OSS PÅ AVDELING STUGU

- Ein god stad å vera -



KVEN ER VI?

Avd. Stugu er Ål kommune si langtidsavdeling ved Ål Helsesenter. Her er det 33 plassar fordelt på fire grupper:

- Framstugu - 10 plassar
- Nystugu - 7 plassar
- Veslestugu - 5 plassar
- Storstugu - 11 plassar



KAFETERIA I U. ETASJEN

Open alle kvardagar 10:30-14:30
Middagssal mellom 13:00 og 14:00

FRISØR OG FOTPLEIAR

Vi har tilgjengeleg frisør og fotpleiar. Merk at desse tenestene er ikkje inkluderte i vederlagsbetalinga.

GRATIS TANNBEHANDLING

Alle bebuarar ved Ål Helsesenter har tilbod om gratis tannbehandling gjennom Ål tannklinikk. Avdelinga har også jamnleg besøk av tannpleiar.

SJUKEHEIMSLEGE

Ål Helsesenter har sjukeheimslege med faste visitt dagar.

Vi tilbyr influensavaksine til alle bebuarar.

AVDELING STUGU

Vi tilbyr heilskapeleg og tverrfagleg pleie, omsorg og behandling for god livskvalitet.

SAMARBEID OG DIALOG

PRIMÆRKONTAKTSYSTEM

Som ny bebuar får ein tildelt ein primærkontakt som har ekstra ansvar for å følgje opp i kvardagen. Gjennom dette ønskjer vi å skape samarbeid og god dialog mellom alle partar.

PÅRØRANDESAMTALE

Vi tilbyr pårørandesamtale etter årsundersøking, med eller utan bebuar. Her møter lege, primærkontakt, sjukepleiar og ev. avdelingsleiar.

SAMHANDLING

Vi set pris på at pårørande er med på sosiale aktiviteter. Kom gjerne med forslag som kan bidra til å gjere dagane mest mogleg innhaldsrike for den enkelte bebuar.

TRIVSELSKOORDINATOR I 100 % STILLING

Har ansvar for all underhaldning og det meste av aktivitet som skjer på heimen. Samarbeider med fleire instansar i og utanfor kommunen. Ta gjerne kontakt: tlf. 47 71 12 08



ANNA INFORMASJON

VASKERI

Det er vaskeri ved Ål Helsesenter. Alt tøy som skal bli vaska her, må vera merka med namn. Pårørande kan bestille merkelappar på nett. Tøyet må tole 40 graders vask. Vi tilrår privat vask av klede som treng finvask. Pårørande må då sørge for eigen skittentøyskorg på rommet.

TOALETTARTIKLAR

Avd. Stugu har standard kremar, sjampo og såpe. Tannbørste, protesebørste og tannkrem må bebuaren halde sjølv. Dersom det er ønske om andre typar artiklar, må de ordne det privat.

PERSONLEG INVENTAR

Ta gjerne med t.d. godstol, bokreol, bilder osv. Men romma er små, og det må vere plass til å utføre reinhald og ev. bruk av hjelpemidlar. Drøft gjerne dette med avdelinga.

